



Arkivsak 200503218-14
Arkivnr. 500
Saksh. Haaland, Marianne

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	02.10.2007
Fylkesutvalet	11.10.2007
Fylkestinget	16.10.2007

SENTER FOR YRKESRETTLIING I HORDALAND. PERMANENT ORGANISERING

SAMANDRAG

Senter for yrkesrettliing har vore etablert som eit treårig prosjekt i Hordaland fylkeskommune frå 2005. Målsetjinga har vore ei styrking av yrkesrettliinga for ungdom og vaksne på regionalt nivå. Prosjektet har i hovudsak vore finansiert av Regionalt utviklingsprogram, Regionalt næringsforum, NAV og Bergen kommune.

Prosjektperioden går ut i 2007. I tråd med føringar frå regjeringa føreset ein at fylkeskommunen tar ansvar for å styrkje yrkes- og utdanningsrettliing også i eit livslangt perspektiv gjennom å organisere partnerskap i fylka. Fylkesrådmannen tilrår i tråd med dette ei permanent organisering av Senter for yrkesrettliing frå 1.1.2008.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Senter for yrkesrettliing vert etablert på permanent basis frå 2008 i Bergen og får ansvar for å styrkje yrkes- og utdanningsrettliing i heile Hordaland. Senteret vert organisert under Hordaland fylkeskommune med fem tilsette og finansiert etter plan i partnerskap med NAV og etter kvart kommunal delfinansiering.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

1. Bakgrunn

Utdanningsdirektoratet sine føringar og status på landsbasis

Stortingsmelding nr. 30 "Kultur for læring" ser for seg at yrkesrettleiinga skal styrkjast gjennom at eit koordinerande organ for utdannings- og yrkesrettleiing på regionalt nivå skal bistå rådgjevingstenesta i grunnskole og vidaregåande opplæring med oppdatert informasjon. I tillegg skal det koordinerande organet tilby skoloring, setje i gang forsøk og lage strategiar for å bidra til rådgjeving av høg kvalitet, og skal kunne ta vare på behovet for ei koordinert rettleiingsteneste for vaksne.

Utdanningsdirektoratet sine forventningar til fylkeskommunane er formulerte slik, jfr. brev av 08.02.06 frå Utdanningsdirektoratet:

"Som en del av Kunnskapsløftet forventes at Fylkeskommene tar ansvar for å styrke karriererettleiingen også i et livslangt perspektiv, ved å organisere partnerskap for karriereveildning i fylkene."

Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007) "...og ingen sto igjen" seier m.a. at OECD og fleire norske utgreiingar har peika på alvorlege veikskapar ved det norske systemet, m. a.:

- "Veilederne mangler ofte kompetanse
- Tjenestene er ofte for dårlig kvalitetssikret
- Tjenestene i de ulike sektorene er dårlig koordinert
- Det mangler et tilbud til voksne"

Meldinga seier vidare

"Når det gjelder utdannings- og yrkesrådgivning/karriereveiledning, er det viktig å forankre i regelverket at elevene fra og med ungdomstrinnet skal få systematisk rådgivning og veiledning knyttet til valg av utdanning og yrke. Slik rådgivning og veiledning må blant annet skje i samarbeid med andre utdanningsnivåer, og lokalt næringsliv. Det skal vurderes om en individuell utviklingsplan skal benyttes som virkemiddel for å gi yrkes- og utdanningsrådgivning."

Evalueringa utført av NIFUStep vedrørande den nasjonale Satsing mot fråfall, syner eit behov for å styrkje rådgjevingstenesta, særleg med omsyn til dårleg bakgrunn for kvalifiserte val hos ungdomen. Djupintervju av ungdom som har falle ut av opplæringa, viser at ei hovudårsak til fråfall er feilval grunna "forventningsbrist", dvs. at opplæringa var heilt annleis enn dei hadde forventa, krav og potensiale i opplæringa stemte ikkje med dei forventningane elevane hadde då dei valde utdanningsveg. Evalueringa føreslår å styrkje yrkes- og utdanningsrettleiinga som ein langsiktig strategi, kombinert med kompetanseheving av rådgjevarane i heile grunnopplæringa.

Ungdomar som fell frå i opplæringa, vil ofte dukke opp som klientar i NAV – som ungdom/vaksne arbeidssøkjarar, og via NAV blir dei formidla vidare til realkompetansevurdering, som igjen ligg under vidaregåande opplæring.

I Hordaland var etablering av Senter for yrkesrettleiing eit resultat av partnerskapssamarbeid mellom NHO, LO, Aetat, KS, Rådgiverlaget, Fylkesmannen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Vi har såleis følgd opp intensjonen i Utdanningsdirektoratet sitt pålegg, men vi må no sikre forankring av ordinær drift utover prosjektperioden.

I tillegg må vi få Bergen kommune og andre kommunar i Hordaland til å bidra med delfinansiering av den vidare drifta, særleg ettersom Senteret sitt tilbod i stor grad hittil har vore konsentrert rundt tilbod til rådgjevarar og elevvar i grunnskolen. Vi ser klart at betre informasjon/ rettleiing om utdanning og

yrke i grunnskolen vil kunne hindre feilval i vidaregåande opplæring, men på same tid supplerer Senteret viktige delar av rådgjevarane i grunnskolen sine oppgåver. Vi finn det derfor rimeleg at kommunane går inn og deler finansieringsansvar for drift av senteret.

Vi har også vurdert om/eller korleis eit tilbod til vaksne vil kunne integrerast i vidare drift av senteret.

På landsbasis er 13 fylke komne i gang med arbeidet med regionalt partnerskap. Det er utvikla ulike modellar for organisering av sentra. Det er store variasjonar med omsyn til kva tenester som blir dekkja, og kva ressursar som er tilført. Men verksemda er førebels etablert som prosjekt.

2. Status for eksisterande prosjekt – Senter for yrkesretteiing i Hordaland

Senter for yrkeretteiing har vore etablert som eit prosjekt i tida 2005- 2007. Senteret er finansiert av prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og NAV med til saman kr. 3.370.000 over tre år.

Senteret er bemanna med tre tilsette, av desse har ein person vore engasjert i delprosjekt med oppretting av database det meste av 2006 – finansiert over RUP.

Konkrete mål for prosjektperioden har vore:

- Gjere utdanningsvegar og kompetansebehov i arbeidslivet kjent for målgruppene
- Etablere og utvikle kontakt med samarbeidspartar/arbeidslivet
- Samarbeide med regionar om å gjere yrkesretteiinga mest mogleg effektiv
- Utarbeide mal for arbeidet med yrkesretteiing for tilsette i aetat
- Jobbe med kvalitetsheving i forhold til rådgjevarane i grunnopplæringa og NAV

I tråd med innføring av Kunnskapsløftet og omlegginga av tilbodet i vidaregåande skole, har Senteret siste skoleår prioritert å nå ungdomsskoleelevar med informasjon om yrke og utdanning direkte frå bransjar/bedrifter og opplæringskontor. Som ein lekk i dette arbeidet har senteret organisert grupper av informantar/ bedrifter som rekrutterer frå dei ulike utdanningsprogramma. Med ei slik kopling supplerer senteret skolen sitt arbeid med å iverstetje programfag til val, det nye faget i ungdomsskolen, oppretta i tråd med Kunnskapsløftet.

Med den avgrensninga som ligg i talet på tilsette i senteret i dag, har ein vore nøydd til å prioritere innsatsen mot etablering av kontakt/samarbeid med opplæringskontor og bransjar/bedrifter på den eine sida og mot rådgjevarane på den andre sida. Individuell retteiing har skjedd gjennom individuelle samtalar og gjennom spørsmål via nettside. Grunna ressursituasjonen har retteiinga skjedd i hovudsak over nettet. Senteret har i tillegg utvikla ei nettside med informasjon om programfag, aktuelle yrke, bedrifter og lærebedrifter i Hordaland.

Senteret sine tilsette har vore engasjerte i etterutdanninga av rådgjevarar i heile grunnopplæringa i Hordaland. Me har gjenoppretta eit etterutdanningstilbod for rådgjevarane, der senteret si verksemd er integrert. Målsetjinga er å styrkje rådgjevingstenesta som førstelineteneste i grunnopplæringa. I tillegg har Senteret arbeidd med å styrkje rådgjevarkompetansen i NAV

Senteret sitt fokus på kompetansehevingsdelen av rådgjeving-/ yrkesretteiingstenesta i fylket har gjeve resultat. Arbeidsgruppa har fått svært gode tilbakemeldingar frå rådgjevarlaget i Hordaland, som seier:

”De tilbakemeldingene vi har mottatt forteller at rådgiverne i grunnskolen har hatt svært god nytte av senteret. Bl.a. har de fått kontakt med de fleste opplæringskontorene i løpet av året. Informasjonsøktene på etterutdanningsksamlingene er også blitt veldig godt mottatt. Det er både tidsbesparende og kvalitetssikrende å kunne ha et ressurscenter som dette, og det er noe utdanningsrådgiverne har etterlyst i mange år.”

3. Karriererettleiing for vaksne

I Utdanningsdirektoratet sine føringar ligg ei forventning om at karriererettleiinga også skal kunne møte behovet for ei koordinert rettleiingsteneste for vaksne. Ein del av denne gruppa blir kanalisert til NAV. Senteret bruker delar av sin kapasitet til å arbeide systemretta mot tilsette i NAV.

Hordaland etablerte i 2001 10 realkompetansesentra ved respektive vidaregåande skolar; fire i Bergen, dei øvrige seks i regionane, Nordhordland, Sotra / Øygarden, Kvinnherad, Sunnhordland, Indre Hardanger, Voss og omland. Sentra gjennomfører realkompetansevurdering og utviklar opplæringsplanar og -tilbod for vaksne. Karriererettleiing er normalt ein sentral del i denne prosessen. Sentra vurderer ca 1000 vaksne årleg. Ca 200 fagkonsulentar er tilslutta sentra, som vert leia av koordinatorar, i gjennomsnitt 1/2 stilling per skole.

Hordaland har gjeve alle vaksne, uavhengig av opplæringsrettar, tilgang til informasjon og karriere-/opplæringsrettleiing frå sentra. Etterspurnaden etter nemnde tenester er stor og styrkjer sentra sin funksjon i regionen og deira posisjon blant vaksne. Det er iverksett eit eige tiltak for å kartleggje omfanget av desse tenestene, som ellers ikkje vert registrerte i realkompetansestatistikken.

Samarbeidet med NAV er monaleg og omfattar rådgeving mot kontora og den enkelte klient samt realkompetansevurdering og opplæring. Samarbeidet er delvis formalisert og under utvikling.

Sentra har over tid utvikla sin funksjon i respektive regionar. For ”vertsskolane” er vaksenaktiviteten eit aktivum i arbeidet med å profilere og utvikle skolen. Vaksenopplæringa har så langt hatt som målsetting å vidareutvikle koordinatorane sin rolle og kompetanse som karriererådgjevar.

Alle fylkeskommunar har eit eller fleire sentra der vaksne kan vende seg for å få informasjon og hjelp i samband med vidaregåande opplæring. Desse sentra er i all hovudsak lagt til opplæringsentra for vaksne eller i tilknytning til vidaregåande skoler. I Nordland har ein knytt denne informasjonen til nokre av sine karrieresentra, med overføring av ressursar til desse sentra.

VOX (Nasjonalt senter for læring i arbeidslivet), har i si rapport ”Karriereveiledning og vaksne” (Turid Kjølseth, 2006), definerer karriererettleiing i eit livslangt perspektiv. Tilbodet skal gjelde heile befolkninga, ikkje berre avgrensa grupper, som ungdom og vaksne med opplæringsrettar. Innhaldet i rettleiinga må vere meir enn informasjon om rettar, prosedyrar og eigne fylkeskommunale tilbod om opplæring. I tråd med krava i Stortingsmelding nr. 30 om å utvikle partnerskap for karriererettleiing i eit livslangt perspektiv, må Hordaland sjå på korleis vi kan dekke dette utvida behovet når vi vurderer varig etablering av denne tenesta i Hordaland.

For brukarane gjev samlokalisering vinst primært når brukartenesta i NAV og vår oppfølgjande karriererettleiing er i ”same hus”. Skal brukarar likevel møte opp på fleire ulike plassar, NAV, Senter for yrkesrettleiing og realkompetansesentra, er vinsten heller tvilsam. Det kan synast som den mest optimale løysinga er å styrke kompetansehevinga til koordinatorane i ressursentra.

4. Styrking av rådgevingstenesta i Hordaland generelt

Som ei generelle styrking av rådgevingstenesta i Hordaland, er følgjande tiltak kome i gang:

- Eit systematisk og heildekkjande informasjonstilbod til ungdomsskoleelevar om yrke, arbeidsliv og utdanning direkte frå bedrifter, opplæringskontor og bransjar
- Etterutdanningstilbod for rådgjevarar i grunnopplæringa i Hordaland – 4 - 5 tilbod årleg.
- Kompetanseheving hjå NAV si førstelinteneste i høve yrkesrettleiing
- Oppretta tilbod om modulbasert vidareutdanningstilbod for rådgjevarar i samarbeid med HiB. Den andre puljen er i gang hausten 2007
- Organisering av delt rådgeving i vidaregåande opplæring, gjennomført frå august 2007

5. Framtidig organisering av senter for yrkesretteiing i Hordaland

Målsetjinga for senteret er:

- Å arbeide for ei heilskapleg og effektiv yrkes- og karrieretteiing i Hordaland
- Å gjere innhald og potensiale i yrkesfaga kjent for elevar og arbeidssøkjjarar, gjere ungdommen kjent med yrkeslivet sine kompetansebehov og gjere ungdom og vaksne betre i stand til å gjere kvalifisert utdannings- og yrkesplanlegging
- Å auke tilgangen på kvalifisert arbeidskraft for arbeidslivet

Hovedmåla for senteret er framleis dei same, men kompetanseheving av rådgjevingstenesta både i grunnopplæringa og mot vaksne bør få sterkare fokus grunna det store omfanget elevar i grunnopplæringa, og stor geografisk spreing på skoletilbodet. Kompetanseheving kan skje som skoloring og kompetanseheving på systemnivå. **Den direkte, individretta rådgjevingstenesta skal også i framtida skje desentralisert, på skolane, i ressursentra og i NAV sine lokale.**

Arbeidsgruppa som har vore etablert for å sjå på framtidig organisering av Senteret i Hordaland, har drøfta målgrupper, organisering med omsyn til geografisk tilrettelagt tilbod, tal på tilsette og plassering.

Mykje ressursar har vore nytta til koordinering av samlingar med elevar og rådgjevarar i grunnskolen, med bruk av informatørar frå opplæringskontor og bransjar. Senteret har vore engasjert i organisering av etterutdanningstilbodet for rådgjevarane i heile grunnopplæringa, dei har kursa tilsette i NAV, og har laga eigen nettside og database til bruk av elevar og rådgjevarar, altså systemretta jobbing. Dei organiserer opplegg for skolar for systematisk bruk av yrkesmesser som Yrkeslabyrinten; Senteret har m.a. utvikla studiehefte til førebuing av elevbesøk på messa. Senteret har gjeve tilbod om yrkesinformasjon som skolane kan nytte i læreplan for Programfag til val, som skal inn som eige fag i grunnskolen frå hausten 2008. Når det gjeld kunnskap om arbeidsmarknaden, støtter Senteret seg på kunnskapen og informasjonen frå NAV.

Senteret har prioritert det systemretta arbeidet i prosjektperioden med hovudvekt på kopling skole/næringsliv og etablering av database. Det er stort potensiale for utvikling av individuell retteiing om bemanninga vert auka.

Grupper/område som kan vere aktuelle for tenester frå senteret i framtida er:

- Vaksne utdanningssøkjande som oppsøker NAV/blir henvist til realkompetansevurdering
- Vaksne som oppsøker NAV og som treng karrieretteiing
- Individuell retteiing av elevar
- Betre geografisk spreing av tilbodet, eventuelt fleire sentre
- Meir fokus på studietilbod på Universitets- og høgskolenivå
- Universell utforming

Reell og likeverdig deltaking i opplæring, arbeidsliv og samfunnsliv føreset at universell utforming vert integrert i alle ledd og på alle nivå. Universell utforming skal leggjast til grunn og vere ein premiss i all offentleg verksemd og all tenesteyting. Dette er eit overordna mål i fylkesdelplanen Deltaking for alle – universell utforming.

Det er særlege utfordringar i å skape tilpassa opplæring for elevar med nedsett funksjonsevne. Fritt skuleval og val av utdanning og yrke er ikkje ein realitet for alle. Overgangen frå eit utdanningsnivå til det neste og vidare ut i arbeidslivet byr ofte på vanskelege situasjonar og er kritiske fasar for fråfall, og personar med nedsett funksjonsevne er særleg utsett.

Opplæringssektoren har ansvar for universell utforming på sitt område. Heilskaplege grep må til for å sikre gode overgangar mellom utdanningsnivå og ut i arbeidslivet. Informasjon og samarbeidsrutinar

mellom nivåa, rådgjeving og rettleiing er sentrale verkemidlar for å sikre at alle elevane får den opplæringa dei ønskjer og har krav på.

Fylkesdelplanen sitt mål 2.2 lyder: Sikre tilpassa opplæring i det ordinære tilbodet, redusere behovet for spesialundervisning. Senter for yrkesrettleiing har ei rolle å spele i iverksetjing av Tiltak 2.2.1 Strategi for universelt utforma og tilpassa opplæring. Det gjeld både formidling av kompetanse om universell utforming, rutinar for informasjonsflyt om elevar med spesielle føresetnader og betre rådgjeving generelt. Senteret treng å utvikle kompetanse på universell utforming. Universell utforming gir ein ny vri og innfallsvinkel til yrkesrettleiing og tilpassa opplæring.

Det er semje i arbeidsgruppa om at rådgjevingstenesta i skolane ikkje må svekkast, og at denne tenesta må vidareførast som ei desentralisert førstelineteneste overfor elevar i grunnopplæringa. Vidare må eit Senter for yrkesrettleiing byggje på den verksemda som er etablert i prosjektperioden.

Saka har vore handsama i Yrkesopplæringsnemnda 11.05.07 der nemnda slutta seg til fylkesrådmannen sitt framlegg.

6. Bemanning – lokalisering

6.1 Bemanning

Ved ei vurdering av den vidare framtid for senteret og ressursbehovet, må vi også vurdere det geografiske tilbodet. Til nå har i hovudsak tilbodet frå Senteret vore retta mot Bergen m/omland. Tilbodet skal gjelde heile Hordaland. Eitt alternativ er å etablere verksemda i eit senter, og dette senteret er då pålagd å organisere tilbodet slik at det også kjem heile fylket til gode.

Ein kan involvere dei regionale skoleregionane, som har ansvar for kompetanseutvikling for dei tilsette i grunnskolen, og regionssamarbeidet for næringsutvikling i det løpande arbeidet, men der ansvar for koordinering og for å følgje opp ligg på Senter for yrkesrettleiing. På denne måten vil ein kunne utvikle eit fagleg miljø i Senteret og tilføre den faglege kompetanse som vil bli etablert på Senteret ut i fylket, og samstundes kunne dra nytte av den kunnskap om lokalt arbeidsliv ein finn i lokalsamfunnet.

Fylkesrådmannen vurderer altså ei lokalisering i Bergen som mest realistisk, men skal tilbodet utvidast, må senteret ha ei **bemanning på 5 stillingar**, ei leiarstilling, ei stilling med hovudansvar for nettside og vedlikehold av database, ei stilling med hovudansvar for samarbeid med skoleregionar i omegnskommunar og med lokale næringsråd. Dei andre vil ha hovudansvar for å arrangere samlingar med skolar, grupper av elevar, ha ansvar for kompetansehevingstilbod for alle aktuelle aktørar knytt til skole, kompetanseheving av tilsette i NAV, for koordinatorar i ressursentra osv.

På noko lengre sikt vil det vere naudsynt å etablere eit samarbeid med høgare utdanningsinstitusjonar. Å utvikle eit samarbeid med Karrieresenteret kan vere eit alternativ. Informasjon rundt tilbod om internasjonalisering, dvs. tilbod i utlandet, både med omsyn til utveksling, praksis og høgare utdanningstilbod, er det også behov for. Dette vert i dag dekkja av Europakontoret hos fylkeskommunen, men vidaregåande opplæring som gruppe er underbrukarar i Hordaland.

6.2 Målgrupper – vaksne

Når det gjeld tilbod til vaksne med behov for realkompetansevurdering, er det mogleg å overføre av øyremerka ressurs til senter for yrkesrettleiing, med pålegg om eit særleg ansvar for å dekke denne tenesta sentralt. Tenesta vil då bli styrka av å vere i eit fagleg miljø innan same området. Alternativet er at senteret får ansvar for kompetanseheving og styrking av informasjonstilbodet til dei som har ansvar for denne tenesta på ressursentra.

Ei anna aktuell målgruppe er minoritetsspråklege, både elevar og vaksne. Ein særleg innsats mot denne gruppa er ønskjeleg, men vil krevje ytterlegare kompetanse i senteret.

Ei oppgåve som det er viktig å framheve, er innsatsen som vert retta mot behov i arbeidslivet, både med omsyn til å fremje næringar og bransjar sine rekrutteringsbehov, innsatsen for å styrkje informasjon om potensiale og krav knytt til utdanning og yrke innan ulike bransjar og næringar, og tiltak for unngå feilval, som kjem både samfunnet, individet og arbeidslivet til gode.

6.3 Organisering

Fylkesrådmannen tilrår at senteret blir organisert under Hordaland fylkeskommune, og at dei som blir tilsett, blir tilsett i Hordaland fylkeskommune, under Opplæringsavdelinga. NAV har signalisert at dei kan bidra med utgifter til ei stilling. Stillingsinnehaver kan verte tilsett i NAV, men vert lokalisert i Senter for yrkesrettleiing. Når det gjeld kompetanse, ser vi det som viktig at bemanninga representerer både skole-/utdanningskompetanse og kunnskap om arbeidsliv og arbeidsmarknad.

6.4 Finansiering

Eit senter, bemanna med fem personar, vil årleg koste ca.:

Løn og sosiale utgifter – 5 tilsette	kr. 2.500.000
Leige av lokalar, ustyr	kr. 500.000
Div. adm.utgifter/reiser etc.	<u>kr. 300.000</u>
Sum	<u>kr. 3.300.000</u>

Hordaland fylkeskommune må i hovudsak sjølv stå for finansiering.

Eit viktig siktemål er å unngå feilval og dermed **reduere fråfallet** i opplæringa. Opplæringsavdelinga set årleg av 5 mill. kroner til slik satsing. I tråd med føremålet Satsing mot fråfall, der styrking av utdannings- og yrkesrettleiinga i regional partnerskap, er eit mål, tilrår vi å setje av kr. **1. mill.** av desse midlane til permanent etablering av senteret første året, og kr. 1.5 mill. frå 2009.

Kommunaldepartementet har i revidert nasjonalbudsjett vedteke å styrkje ressursane til rådgjeving i skolen gjennom å auke rammetilskottet til Hordaland fylkeskommune med kr. 1.079.000 frå 2007, i tillegg til eit tilskot på kr. 250.000 for 2.halvår 2007 til styrking av arbeidet med partnerskap. I statsbudsjettet for 2008 er det framlegg frå Kunnskapsdepartementet om ei styrking av partnerskapen i kvart fylke, med om lag 500.000 per fylke årleg. (Det er kome brev om dette).

Over **fylkesplanen** er det relevant å finansiere ei styrking/heving av kompetansen med omsyn til universell utforming. I 2008 kan fylkesplanen førebels dekke til saman kr. **400.000** av kostnadene for Senteret.

Den tenesta som vert retta inn mot rådgjeving i grunnskolen må kunne prissetjast. I Hordaland har vi 33 kommunar, og reknar vi at ei stilling pluss reisekostander må kunne dekkast, blir det ca. kr. 0.7 mill. Denne kostnaden må kunne fordelast på kommunane etter elevtal i ungdomsskolen og utgjere ei årleg abonnementsavgift for å få dekkje slike tenester. Eventuelt kan vi involvere regionråda. Dette tilskottet kan det ta noko tid å få etablert.

NAV dekker inntil ei stilling m/driftsutgifter, altså **kr. 0.5-0.6** mill. årleg. NAV har gjeve tilsagn om slik støtte i 2008. NAV gir berre tilsegn over eit år, vi vil arbeide for å opprette intensjonsavtale med NAV. To fylke har teke saka opp med NAV sentralt då NAV sin forpliktelse i dette arbeidet gjeld alle fylka.

Årleg budsjett :

	2008	frå 2009
HFK, Satsing mot fråfall-midlar	kr. 1.000.000	kr. 1.000.000
HFK, auke i rammetilskot	kr. 1.079.000	kr. 1.000.000
Kunnskapsdept/Udir	kr. 250.000	kr. 500.000
Fylkesplanen	kr. 400.000	
NAV	kr. 600.000	kr. 600.000
Kommunane/regionråd		kr. 500.000
Sum	kr. 3.329.000	kr. 3.600.000

Saka har vore sendt KS, som slutter seg til dei tankar og hovudliner som ligg i saka.

Konklusjon:

Senter for yrkesretteiing vert etablert på permanent basis frå 2008 i Bergen og får ansvar for å styrke yrkes- og utdanningsretteiing i heile Hordaland. Senteret vert organisert under Hordaland fylkeskommune med fem tilsette og finansiert etter plan i partnerskap med NAV og etter kvart kommunal delfinansiering.